

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/21	Formannskapet	11.02.2021

Sakshandsamar: Stig Stark-Johansen

Arkiv: K1-140

Arkivsaksnr. 19/1522 -
21/2069

Planprogram kommuneplan samfunnsdel – start på planarbeidet

Saka gjeld

Utlegging av planprogram på høyring og varsel om start på planarbeidet for revidering av kommuneplan samfunnsdel.

Bakgrunn

Kommunen har blitt godkjent som nasjonalparkkommune etter at samfunnsdelen til kommuneplanen vart vedteken hausten 2019. Kommunen må revidere kommuneplanen og legge inn dei føringane som er naudsynt for å stette krava og forpliktingane som ligg i godkjenninga.

Ved handsaming av Kommunal planstrategi for 2020 – 2023 i kommunestyret 19.11.200, vart det vedteke at kommuneplanen sin samfunnsdel skulle reviderast, og at fasen for å utarbeide planprogram til kommuneplanen skulle skje i løpet av fyrste kvartal 2021.

Som ein del av revisjonen skulle kommunen og nytte til å drøfte og svare på utfordringane kommunedirektøren peika på i eit notat til kommunestyret før nyttår 2020. Det vart og då vedteke å starte opp fleire prosjekt innan prioriterte område, som må bli knytt sterkare til kommuneplanen.

Plan og bygningslova set dei formelle råmene for planarbeidet, og utarbeiding av planprogram:

§ 11-13. Utarbeiding av planprogram

For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og

beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.

Drøfting

Sidan vedtak av ny kommuneplan har det blitt vald nytt kommunestyret. Sjølv om føresetnadane var at det no berre skulle vere ein «lett» revisjon av kommuneplanen, vart det vald å nytte høvet til å forankre kommuneplanen i det nye kommunestyret. I arbeidet med planprogrammet har det kome fram mange problemstillingar som det er viktig å forankre å svare ut i planarbeidet.

På bakgrunn av at kommunen nett har gjennomført breie medverknadsprosessar, vil kommunedirektøren ikkje sette i gang nye og omfattande medverknadsprosessar ute i lokalsamfunnet, men søkje å avklare problemstillingane gjennom målretta drøftingar med dei som er direkte involvert.

I planprogrammet for samfunnsdelen, er det eit eige kapittel om arealmessige utfordringar. Desse utfordringane vil ikkje vera uttømmande for dei problemstillingane arealdelen må ta tak i. Kommunen har og satt i gang arbeidet med planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet vil gå føre seg ut over våren og gå parallelt med drøfting av dei ulike tema i samfunnsdelen. Dette for å kunne fange opp utfordringar og behov for arealmessige avklaringar, og sjå korleis vi må kople saman dei samfunnsmessige utviklingsstrategiane med arealstrategiane.

Før kommunestyret fastset endeleg planprogram, skal det på høyring, og ligge ute i minst 6 veker. Planprogrammet skal fastsette ei råme for arbeidet med planen, men er ingen fasit for kva som kan bli tatt opp av problemstillingar. Det mest vanlege i utforming av planprogram, har vore at kommunen berre omtalar tema i generelle vendingar, og ikkje konkretiserer problemstillingane slik vi har gjort i dette tilfellet. I planstrategien er det føresett at kommunen skal gjennomføre revisjonen av samfunnsdelen i løpet av våren 2021. Arbeidet vil difor starte opp alt medan planprogrammet ligg ute på høyring.

Kjem det opp andre utfordringar, eller at ein ser at presiseringar i planprogrammet ikkje er gode nok, står kommunen fritt til å ta desse med seg i det vidare arbeidet med planen.

Plan og bygningslova gjev og ei føring om at kommunen formelt skal varsle at dei startar med planarbeidet og at dette skal skje samtidig som planprogrammet vert lagt ut på høyring.

Økonomi

Utarbeiding av planprogram vil ikkje krevje økonomiske ressursar ut over det som ligg i gjeldande budsjett for planarbeid.

Tilråding:

1. Utkast til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, datert 02.02.2021, vert lagt ut på høyring i 6 veker.
2. Det vert med dette og varsla start på arbeidet med revisjon av gjeldande kommuneplan samfunnsdel.

11.02.2021 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøytes.

Fskap-020/21 Vedtak:

1. Utkast til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel, datert 02.02.2021, vert lagt ut på høyring i 6 veker.
2. Det vert med dette og varsla start på arbeidet med revisjon av gjeldande kommuneplan samfunnsdel.

Vedlegg:

210202_Utkast_Planprogram Samfunnsdel